

Friluftslivet samlar seg.

Fredag 23. og laurdag 24. oktober samlar friluftslivet i fylket seg i Førde under paraplyen Forum for natur og friluftliv (FNF). Tema for samlinga er ”Friluftsliv og naturvern for alle”.

Det er mange store saker for tida som vedkjem alle som likar å bruka den mangeslungne naturen i Sogn og Fjordane og ein del av desse vert tekne opp på samlinga. Ingvil Austad, professor ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, tek opp emnet kulturlandskap – verdt å ta vare på? Deretter vert det innlegg om funksjonshemma sin moglegheit til aktiv fritid, samt orientering om ny friluftsliv, strandsoneleva og plan- og bygningslova.

Laurdagen vert spesiell interessant og startar med Sogn og Fjordane Bondelag ved Merete Støfring og handlar om felles interesser for næring og naturvern. Deretter overtek leiaren i Energi- og miljøkomiteen, Erling Sande frå Senterpartiet, med ei vurdering om det er greit å byggja ut natur som ikkje er freda. Mest aktuelt her er vind- og vasskraft i tillegg til kraftlinjer. Emnet vert også teke opp av fylkestingsrepresentant Jorunn Eide Kirketeig frå AP. Ho vil ha erstatning til fylket dersom 420kv-linja skal byggjast som luftspenn. Frå friluftslivet sine egne rekkjer kjem Alvar Melvær og Marino Ask, begge frå Sogn og Fjordane Turlag. Alvar Melvær er svært respektert for sine mange høyringsfråsegner om kraftutbygging og linjebygging i fylket. Marino Ask er leiar i arbeidsutvalet i FNF og tek særleg føre seg planane om vindkraftutbygging langs kysten.

Det føregår eit viktig skifte i kven som administrerer miljøoppgåvene for tida. Fylkeskommunen overtek frå Fylkesmannen. Kva dette vil sei tek Geir Lyngaas i fylkeskommunen føre seg. Det har vore sterke motsetningar om skogplanting ei tid. Kor aktuelt er det å plante skog for å binde CO2? Merete Larsmon frå landbruksavdelinga føredreg om effektar på kort og lang sikt av dette. På kysten er det i gang planar for ei høgare utdanning knytta til kystkultur. Roar Moe i Norsk kystkulturakademi orienterer om planane.

Avslutningsvis tek Svein Arne Hoff, assisterande fylkesdirektør for kultur, føre seg temaet friluftsråd. Fylket har ingen slike, men det er mange arbeidsoppgåver som kunne verta løyste ved å oppretta slike råd.

Samlinga er open for alle, påmelding til FNF Sogn og Fjordane.